



Ditt Velvære  
Lillian Natås  
Sandvikavegen 43  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/368 - 14/12146

Saksbehandlar:  
Øystein Sørhaug  
Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Dato:  
20.05.2014

## Søknad Næringsfondet

### Administrativt vedtak. Saknr:

#### Vedtak

Lindås kommune støttar søknaden frå Lillian Natås med 20.000 kroner til å etablere og vidareutvikle selskapet Ditt Velvære. Midlane skal hentast frå Lindås kommune sitt næringsfond.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.*

*Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

#### Dokument i saka:

Søknad frå Ditt Velvære ved Lillian Natås

#### Saksopplysningar/vurdering:

«Ditt Velvære» er eit nystarta selskap i «helse og velvære»-bransjen i Lindås kommune. Selskapet er samlokalisert med «Fotterapeuten», som vart etablert i november 2013. Begge gründerane har lang fartstid frå Knarvik Hud- og Fotpleieklinnikk, men ønskjer no å satse for seg sjølv. Dei tar med seg kundar frå tidlegare, og meiner det er både rom og marknad for nye konkurrerande bedrifter.

For Lillian Natås er målet i første omgang å skape sin eigen arbeidsstad. I konkurranse med veletablerte aktørar i kommunen, er tillit og stabilitet viktige nøkkelord for den første fasen av drifta. Samstundes er Natås klar over at ho må yte noko anna/ekstra for å skilje seg ut. Ilag med Monica S. Pedersen frå Fotterapeuten, tilbyr Natås ein hudpleie- og makeupserie, som er heilt ny for kundar på Vestlandet.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



I tillegg til nye produkt, ønsker Natås å profilere seg på kombinasjonen av kompetanse. I motsetnad til dei andre aktørane på marknaden kommunen, kan Natås skilte med erfaring og utdanning innan både hudterapi – og farge- og stilanalyse.

For å styrke delen av drifta, som gjer at ho skiljer seg ut – søker Natås støtte frå næringsfondet til å oppdateringskurs innan farge- og stilanalyse og innkjøp av verktøy, som ho treng for å gi kundane dette tilbodet. Natås søker også støtte til ei rekkje investeringar i utstyr/kurs og marknadsføring av bedrifta.

Totalt har Ditt Velvære eit investeringsbudsjett for 2014 på 226.650 kroner. Finansiering av desse investeringane skal skje med egne midlar (25.000 kroner), midlar frå drifta (20.000 kroner) og lån i banken (100.000 kroner). Med midlane over i potten, har Natås ein manko på 81.650 kroner.

Næringsfondet til Lindås kommune er eit verkemiddel for å fremje, styrke og profilere næringsliv og sysselsetting i kommunen. Ifølgje vedtektene er hovudmålet å skape fleire nye bedrifter og arbeidsplassar, samt vidareutvikle eksisterande bedrifter i kommunen.

Sidan kombinasjonen av kompetanse og erfaring, vil vere med på å styrke oppstarten til selskapet, ønsker Lindås kommune å støtte Ditt Velvære med delar av oppstartskostnadane.

Med helsing

Øystein Sørhaug  
næringssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*